



Ester Mørstad - hørde Deilig er jorden frå Skårhaug under krigen

I heftet som vart utgjeve då Uskedal Musikklag runda 50 år i 1986 vart det opplyst at det var eit fast innslag at musikklaget spelte på juleafta mens jula vart ringt inn. I styggever søkte dei ly i hytta til Jacobine Haugland i Skårhaug. Frå altanen lot dei julesongane tona over bygda. Ein av dei som hugsar dette er

Ester Mørstad (74). Ho hugsar spesielt juleafta i 1944 då ho var 6 år. Familien budde i Stølen der Ester vart fødd og vaks opp.

- Musikarane kom frå alle kantar og samla seg ved hytta. Klokka var 5 og det snødde lett. Vi var ute på tunet og så høyrde vi tonene frå Skårhaug. Musikklaget sto på altanen og det klang så fint.

Dei spela etter kva eg hugsar berre 'Deilig er jorden' før dei gjekk kvar til sitt, fortel Ester. Naturleg nok gjorde tonane eit sterkt inntrykk på dei som sto og lytta.

Ho og familien gjekk inn og heldt fram med julefeiringa, Ester kan ikkje hugsa om dei måtte ha blendingsgardiner og om tyskarane på nokon måte blanda seg i julemarkeringa.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen